

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 8. søndag i treeiningstida - 14. juli 2013

Preiketekst: Mark 12, 28-34

Lesetekst I: Jos 22,1-6

Lesetekst II: Fil 1,9-11

## Kjærleiken handlar om både hjarte, sjel, vit og makt

### Markus og jødane

Markusevangeliet er det eldste, og Markus er ein tenar for Ordet, som særleg gjev vidare Peter si forkynning - Peter som var jødane sin apostel.

Markus skreiv om lag år 70. Tempelet var øydelagt, og mange jødar stilte spørsmål om kva det *no* betydde å vere jøde. Kva er kjernen i vår jødiske identitet? Det var identitetskrise i jødedommen. Kyrkjelyden trudde at tida var kort. Snart skulle Guds rike komme i kraft, Jesus skulle komme igjen.

I vår tekst gjev Markus eit positivt bilete av den skriftlærde – i motsetning til det inntrykket vi elles får. Det er viktig å få fram at Jesus og den skriftlærde gjensidig godkjenner kvarandre. Og den skriftlærde er representativ for jødisk lovtolking. Markus brukar såleis denne samtalen med den skriftlærde til å vise at det var ein del av dei leiande jødane som var på linje med Jesus.

I Markusevangeliet finn vi ofte polemikk mot jødiske leiarar og det av jødisk praksis som bryt med ånda i Skrifta. Evangelisten tolkar Jesu velting av pengevekslarane sine bord som ei profetisk handling som peikar fram mot at øydelegginga av tempelet er ein dom over dei som har drive korrupsjon der.

I vers 33b i teksten vert det radikale kjærleiksbodet sett opp mot offerpraksisen – som rett nok *har* spela ei viktig rolle i jødedommen. Sjølv om tempelet borte, kan kyrkjelyden like fullt vere ekte jødisk: Ved å tilbe den eine sanne Israels Gud og elske sin neste.

### Rabbi Hillel og kjærleiksbodet

Rabbinarane skjelna mellom lette og vektige bod, og spurde om kva for eit av boda – mellom dei 248 påbod og 365 forbod i Moselova – som var det mest tungtvegande. Det vert fortalt at ein heidning sa til rabbi Hillel: ”Du får gjere meg til proselytt dersom du lærer meg heile lova medan eg står på ein fot.” Hillel svara: ”Gjer ikkje mot din neste det du sjølv ikkje vil bli utsett for. Dette er heile lova. Resten er kommentarar til det. Gå og lær deg dette.”

## Korleis brukar Jesus Skrifta?

I Mark 12, 29-31 svarar Jesus ved å stille saman 5 Mos 6,4-5 med 3 Mos 19,18. I sin samanheng i 5 Mosebok ligg vekta på at Israels Gud er ein nidkjær Gud, den einaste sanne Gud, den Gud som har handla med sitt folk etter sin eigen vilje.

I 3 Mosebok er det kjærleikens fellesskapsdimensjon som er i fokus, det å elske til og med dei som ikkje høyrer til ditt folk: *Når ein innflyttar bur i landet hos dykk, skal de ikkje gjera urett mot han. Innflyttaren som bur hos dykk, skal vera som ein av dykkar eigne landsmenn. Du skal elska han som deg sjølv. For de har sjølve vore innflyttarar i Egypt. Eg er Herren dykkar Gud.*

I begge samanhengar er kjærleiken meir ei viljeshandling enn ei kjenslesak.

## Israels trusvedkjenning

*Høyr Israel, Herren din Gud, Herren er ein.* Denne grunnleggande trusvedkjenninga skal kvar jødisk mann seie fram morgon og kveld.

*5 Mos 6: Du skal innprenta dei i borna dine og snakka om dei når du sit heime og når du går på vegen, når du legg deg og når du står opp. Du skal binda dei om handa di som eit teikn og bera dei på panna som eit merke. Du skal skriva dei på dørstolpane i huset ditt og på portane dine.*

**(Om jødisk praksis: sjå gjerne tekstheftet til Shalomkofferten på:**

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/skole> Shalomkofferten er ei samling pedagogiske hjelpemiddel, som ved høve også kan gjere nytte på preikestolen.)

## Heilhjarta kjærleik

*Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit og av all di makt.*

Dette bodet forklarte rabbinarane slik:

*”Gud skal elskast av eit heilt og udelt hjarte, som den vonde lyst ikkje har skada; med heile sjela, med heile seg, også om det kostar livet; med heile krafta, med alt det ein eig – med takk for alt som enn vert deg til del”.*

Dette er det altså den skriftlærde gjev si tilslutning til, dette går han for.

Når det gjeld kjærleiken til nesten, let dei skriftlærde grensa gjerne gå ved proselyttane. Jesu grenselause praktisering av nestekjærleiken (jamfør den miskunnsame samaritanen) er ikkje tema i vår tekst, så det er ikkje ei sak for den skriftlærde å ta stilling til her. Målsettinga for nestekjærleiken er ”som deg sjølv” – som i originalteksten i GT – og det er ikkje lite.

## Eigenkjærleik

Så kunne det drøftast kva sann og sunn eigenkjærleik er: Verdsetting av livet og Guds gode gåver, den utrustning han har gjeve. Å ta vare på livet, å bruke livet, å glede seg over livet. Men når sjølvrealiseringa ikkje tek omsyn til eller er til skade for andre menneske, då vert det egoisme og ikkje kjærleik.

## Sann gudsyrding

1 Sam 15: *Då sa Samuel: «Har Herren si glede i brennoffer og slaktoffer like mykje som i lydnad mot Herrens ord? Nei, å lyda er betre enn slaktoffer, å høyra etter er betre enn feitt av vêrar.*

Den rette gudsyrdinga er å ha si lyst i Herrens lov, og kjærleiken er oppfyllinga av lova. Det går fram av heile Skrifta: Kjærleiken til Gud er mennesket sitt svar på hans godleik og nåde – kjærleiken til nesten skal reflektere Guds kjærleik vidare til dei andre.

I Det nye testamentet er offeret oppheva: Jesus oppfylte Guds lov på fullkome vis då han gav seg sjølv som offer, og *hans* kjærleik vert så vår motivasjon til å gjere godt mot nesten. Ja, Kristi kjærleik gjer det tvingande nødvendig å vere hans sendebod i verda, skriv Paulus.

### **Aktuelt i dag: Identitet**

Identitet – kven er eg? Det handlar det om for den messianske rørsle i dag. Er den som trur på Jesus framleis rett jøde? Eller har han svikta sine røter og sitt folk – det utvalde? Har han svikta Israels Gud?

Om vi les denne teksten som undervisning til nye kristne, så ser vi at vår perikope er ein svært sterk link til dei jødiske røtene til trua. Det er den same Gud.

I det nye Gudsriket skulle heidningar og jødar vere saman. Men å godkjenne at heidningar fekk fullverdig status i det Jesus-truande fellesskapet, var vanskeleg for ein ekte jøde. Og dei Jesus-truande står under press, dei vert kasta ut av synagogen - å dyrke Gud ved å tru på Jesus vert tolka som blasfemi.

Kva er då viktigare enn å få slått fast det felles fundamentet: Trua på den eine sanne Gud.

Vår tekst er mellom anna eit sterkt vitnemål om kontinuiteten mellom jødisk gudstru og kristentru: Jesus er ikkje komen for å oppheve Lova, men for å oppfylle den.

Og trua på den eine sanne Gud fører Jesus utan tvil vidare: Joh 17,3: *Og dette er det evige livet, at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og han du sende, Jesus Kristus.*

### **Avslutning: Nær Guds rike**

*Då Jesus høyrde kor klokt han svara, sa han til den skriftlærde: «Du er ikkje langt borte frå Guds rike.»*

Den skriftlærde står overfor Han som kom med Guds rike. Han har forstått kva som er Guds gode vilje. Kvifor er han ikkje *heilt* innanfor?

Joh 6: *Då sa dei til han: «Kva gjerningar er det då Gud vil vi skal gjera?» Jesus svara: «Dette er den gjerninga Gud vil de skal gjera: Tru på han som Gud har sendt.»*

Utfordringa for *forkynnaren* er å formidle eit møte med Jesus, som kan bli til tru og liv. Tilhøyraren må ikkje bli verande i eit strev etter å oppfylle Guds lov, men få hjelp til å finne kvile i Guds nåde i Jesus – han som på fullkome vis har oppfylt heile Guds lov.

### **Annbjørg Eiksund Hesselberg**

*Pensjonert misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon. Adjunkt med kristendom mellomfag frå NLA og NTNU.*

[annbjorg.hesselberg@ntebb.no](mailto:annbjorg.hesselberg@ntebb.no)